

Sak 61/21 **Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjons-
rammeverk**

Drøftingssak

Saksdokument frå Studieavdelinga

Notat

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Frå: Studieavdelinga

Møte: 18. november 2021

Bakgrunn

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomfører NOKUT ei større evaluering av «[Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring \(NKR\)](#)», som er regelfesta mellom anna gjennom «Forskrift om Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og om henvisningen til Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF)». Rammeverket er styrande for kvalitetsarbeid i høgare utdanning fordi det fastset generelle krav til kvalifikasjonar og læringsutbytte på alle nivå i utdanningssystemet, for bachelor-, master- og doktorgradsprogram medrekna. Til kvart nivå høyrer et sett med overordna nivåbeskrivingar som indikerer korleis vi skal forstå læringsutbytte på eit gitt nivå. NKR definerer kvalifikasjonar i tre kategoriar: «Kunnskap», «Ferdigheiter» og «Generell kompetanse».

Som ledd i evalueringa skal UiB og andre utdanningsinstitusjonar ta del i ei **totalt sjøelvevaluering**. Denne saka omhandlar **institusjonsdelen av sjøelvevalueringa**, der svara skal vera uttrykk for UiB sine vurderingar og forankra på høgaste nivå, hos rektor eller instansen under rektor med særskild ansvar for utdanning. Brev frå NOKUT og spørsmåla i evalueringa er med som vedlegg, saman med eit utkast til svar frå UiB.

Andre del av sjøelvevalueringa rettar seg mot fagmiljøa og dei vitskapleg tilsette. Denne evalueringa vil bli sendt ut seinare, til fagmiljø innan fagområda som har størst søking gjennom Samordna opptak: Helse, Lærar, Samfunnsfag/humaniora, Teknologi, Økonomi/administrasjon.

Tema i institusjonsdelen av sjøelvevalueringa

Dei til saman 15 spørsmåla i den institusjonelle delen av sjøelvevalueringa dekkjer fem tema:

1. Institusjonell autonomi og styring
2. Utdanning og utdanningskvalitet: Utvikling, drift og kvalitetssikring
3. Mobilitet: Opptak, internasjonalisering og sektormobilitet
4. Arbeidsliv: Arbeidslivsrelevans og arbeidslivsforankring
5. Generelt om NKR

Spørsmålsbatteriet er omfattande, med tema som til dels er overlappande og svara skal ikkje overstiga ti sider.

Vurdering

NKR har ei kort historie. Rammeverket blei vedteke i 2011 og implementert i sektoren i løpet av 2012. Med det skjedde ei rask og stor omlegging av det norske læreplanssystemet gjennom ei politisk styring mange i sektoren kjente seg framandgjorde ovanfor. Enkelt forklart kan vi seia at læreplanssystemet får beskrivingar av *resultat* som eit nytt sentralt organiserande element, der undervising og innhald i utdanningane tidlegare hadde ein slik funksjon. «Læringsutbytta» får dermed ei tredobbel rolle; dei utgjer dei sentrale organiserande elementa som bind systemet saman, dei definerer mål og dei angir

kjenneteikn ved dei resultata studentane skal oppnå.

NKR kan vera eit nyttig pedagogisk verktøy i planlegging av undervisning og læring, men føreset tolking og kollegial dialog i fagspesifikke kontekstar for å bli det. Rammeverket er med å setja studentane si læring i sentrum for utdanningane ved UiB, og har ei styrke i differensieringa mellom krav til studieprogram på ulike nivå. Dei siste åra har vi erfart at rammeverket kjem til sin rett i programevalueringane som skjer kvart femte år og oppfølginga av dei. I tillegg vert NKR brukt i samband med opptak og innpassing av ekstern utdanning.

At NKR er både eit styringsdokument og eit universitetspedagogisk verktøy, skapar spenningar og dilemma på alle nivå i ein institusjon som UiB.

Prosess

NOKUT understrekar i sitt oversendingsbrev at sjølv om det er fleire som bidreg i arbeidet med ein samla institusjonsdel av sjølvevalueringa, skal evalueringa forankrast på rektornivå- eller instansen under rektor. NOKUT har sett svarfrist til 3. desember.

Ei arbeidsgruppe på fire, som består av Kari Bjørge Johnsen og Cecilie Boge (begge UiB Læringslab), Birthe Gjerdevik (MN-fakultetet) og Tove Steinsland (SA), har skrive vedlagde utkast til sjølvevaluering. Det er i tillegg samla innspel frå ressurspersonar på fakulteta. Desse er innarbeidde i utkastet.

Eit førsteutkast blir med dette lagt fram for utdanningsutvalet for drøfting og innspel.

Drøfting

Vi ber om:

- Ytterlegare innspel som bør inn i sjølvevalueringa
- Innspel på om noko i vedlagte utkast bør supplerast, endrast eller fjernast

Saka blir lagt fram for Utdanningsutvalet til **drøfting**.

Evaluering av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket NKR: Sjølvevaluering

Spørsmåla frå NOKUT er vist i eigne boksar under kvart kapittel.

1. Institusjonell autonomi og styring

Utdanningsinstitusjonane er underlagt ulike krav og forventningar i lov- og regelverk, rammer, strategiar og andre former for styring. I denne delen ønskjer vi at de svarer på spørsmål om korleis de forstår krava i regelverket som gjeld NKR, korleis NKR og nivåskildringane fungerer som styring og regulering av utdanning og utdanningsverksemd, og forholdet NKR har til institusjonens autonomi.

a. I universitets- og høgskulelova, og studietilsynsforskrifta, er det krav om at alle akkrediterte utdanningar skal vere i samsvar med NKR. I kva grad er det **mogleg, føremålstenleg og praktisk** å etterleve dette kravet? Korleis løyser de eventuelle konfliktpunkter mellom krav og andre faglege omsyn?

b. Korleis vurderer de at Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og krava til læringsutbyteskildringar påverkar institusjonens **handlingsrom til utvikling og vidareutvikling** av studietilbod?

c. Korleis opplever de forholdet mellom NKR som verktøy for regulering av utdanning og **andre styringsmekanismer** (t.d. krav om internasjonalisering, rammeplanar, retningslinjer, bransjekrav, eller liknande)?

I UiBs forskrift om opptak, studium, vurdering og grader, er det eit eksplisitt krav at «studieplanar skal vera utforma i samsvar med NKR». Vi manglar altså ikkje styringsdokument. I tillegg til UH-lova og forskrifta om NKR sjølv, er utdanningane våre også regulert gjennom referansar til NKR i nasjonale forskrifter om studiekvalitet og studietilsyn. Om vi legg til eventuelle nasjonale rammeplanar og utfyllande reglar på fakultets- og instituttnivå, er det klart at vi har å gjera med eit komplekst og komplisert regelverk.

Som NIFU konkluderer med i si undersøking av styringsinstrument og styringsaktørar i UH-sektoren (NIFU-rapport 2020:25), er NKR innvevd i eit regelverk omgitt av eit fortolkingsoverskot som både kan svekkja institusjonane sin orienteringskapasitet og redusera tilliten til regelverket som styringsmekanisme. NIFU-forskarane peikar også på faren for at institusjonane kan koma til å lesa juridiske styringsdokument som faglege styringsdokument i større grad enn det er grunnlag for i lovverket.

Sjølv om NKR isolert sett ikkje påverkar UiB sitt handlingsrom for utvikling og vidareutvikling av studietilbod, medverkar det nasjonale styringssystemet til at vi brukar unødig mykje tid og krefter på å byggja ned ei utbreidd uvisse knytt til tolking av regelverket, NKR medrekna.

Ved å insistera på at NKR og krava til læringsutbyttebeskrivingar også er eit pedagogisk verktøy i planlegging og gjennomføring av undervising, er det mogleg å etterleva kravet om samsvar mellom utdanningar og NKR. Føremålstenleg og praktisk blir det først når vi nyttar det institusjonelle

handlingsrommet til å tolka, grunngje og forklara rammeverket slik at det let seg omsejta i fagspesifikke kontekstar.

2. Utdanning og utdanningskvalitet: Utvikling, drift og kvalitetssikring

I denne delen ønskjer vi at de skal kome inn på det som gjeld utdanningskvalitet og regulering av utdanningane. Vi er særleg ute etter informasjon om i *kva grad* og døme på *korleis* **Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar** blir brukt ved institusjonen dykkar, på tvers av fagmiljø og utdanningar. Dette kan til dømes vere sentrale retningslinjer og krav, strategiar, arbeidsdeling, lokale akkrediteringsprosedyrar, eller liknande. Kom også inn på kva roller som er relevante, og kva mandat og funksjon dei har i dette arbeidet.

- a. Korleis arbeider de med **utvikling, akkreditering og revidering** av studietilbod og emne sett i lys av NKR og læringsutbyteskildringar?
- b. Korleis inngår NKR, nivåskildringane og arbeidet med læringsutbyteskildringar i det **systematiske kvalitetsarbeidet** ved institusjonen dykkar?
- c. Kva føringar erfarer de at NKR gjev for korleis institusjonen jobbar **fagleg, strukturelt, pedagogisk og didaktisk** med utdanningskvalitet i studietilbod og emne?
- d. Korleis har NKR og krava til læringsutbyteskildringar for utdanningar påverka **utdanningskvaliteten**.

NKR og kvaliteten på læringsutbyttebeskrivingane har ein sentral plass i UiB sitt kvalitetssystem. Krava i NKR er innarbeidde i rutine og malane som er knytt til utvikling, akkreditering, evaluering og reakkreditering. Dei delane i studietilsynsforskrifta §2-2 som omhandlar læringsutbyttebeskrivingar, er innarbeidd i malane som blir brukt i samband med utarbeiding og akkreditering av nye studietilbod:

- [Mal for emnebeskrivingar ved UiB](#)
- [Mal for studieplanar ved UiB](#)
- [Søknadsskjema for oppretting av nye studium ved UiB, syklus 1 og 2](#)


Når det gjeld evaluering av eksisterande studietilbod, på emne- og programnivå, er læringsutbyttebeskrivingar ein viktig del av det som skal vurderast:

- [Mal for programevaluering](#)
- [Mal for emneevaluering](#)

For nye studieprogram gjeld det at utviklingsprosessen som oftast startar om lag 1,5 år før eit program skal lysast ut, altså to år før dei første studentane startar på utdanninga. Planar om etablering av nye studieprogram blir først meldt inn i fakulteta sine studiekvalitetsmeldingar 1,5 år før dei er planlagt utlyst. Relevante fagmiljø utformar sjølv studietilbodet og får rettleiing frå UiBs sentrale læringsdesigngruppe gjennom prosessen. Graden av rettleiing vil variera, men rettleiingstilbodet inkluderer m.a. arbeidsmøter der fagmiljøa får hjelp til utforming av læringsutbyttebeskrivingar på programnivå og seinare på emnenivå.

Den sentrale læringsdesigngruppa arbeider etter prinsippet om baklengs planlegging og arbeidet skjer i åtte fasar. Modellen på neste side viser UiB sin (re)designmodell for utvikling av heilskaplege

studieprogram, som altså både gjeld for oppretting av nye studieprogram og redesign av etablerte program. Modellen er skalerbar ved at delar av den kan brukast i utviklingsarbeid på emnenivå. Arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar inngår som ein sentral del av fase 3 og 6 i modellen.



Dette er en oversatt og bearbejdet versjon av Program (Re)Design Model for a Learner-Centered Curriculum 2015 (updated April 26, 2018), utviklet av Debra Fowler, PhD, Center for Teaching Excellence, Texas A&M University (<http://cte.tamu.edu/Faculty-Teaching-Resource/Program-ReDesign>). [CC BY-NC-SA] UiB læringslab, 2019.

Frist for å søkja om oppretting av nye studieprogram er i august kvart år, og det er fakultetet som står ansvarleg for studieprogrammet.

Søknader om oppretting av nye studieprogram blir behandla i den sentrale studiekvalitetskomiteén. Komiteen vurderer søknadane og gir si anbefaling om oppretting eller ikkje til utdanningsutvalet og universitetsstyret. Universitetsstyret vedtar oppretting av nye studieprogram.

Studiekvalitetskomiteen sitt ansvar i denne prosessen er å sikra at studia er utforma på ein måte som følgjer sentrale føringar. NKR sine krav til læringsutbyttebeskrivingar er ein viktig del av dette. I dei tilfella søknadar blir sendt i retur til fagmiljøa for utdjuping eller klargjering, er dette ofte knytt til læringsutbyttebeskrivingane. Vanlege tilbakemeldingar gjeld desse problemstillingane:

- Læringsutbytta på program- og emnenivå er ikkje i tilstrekkeleg grad kalibrert
- Samsvaret mellom det læringsutbyttebeskrivinga seier at studentane skal oppnå, og val av undervisnings-/vurderingsmetodar er mangelfullt
- Læringsutbyttebeskrivingane for program og emne må reflektera kvalifikasjonar på riktig nivå (jf NKR) og vera informative, retningsgivande og meningsfulle for studentane

Alle UiBs studieprogram skal evaluerast minst kvart femte år, og emna minst kvart tredje år. I tillegg skal ekstern fagfelle gjennomføra ei årleg evaluering av delar/delen av det studieprogrammet som programstyret(leiar) vel ut. I emne- og programevalueringar utgjer vurdering av læringsutbyttebeskrivingar ein sentral del.

Når programevalueringa er gjennomført, skal programmet reakkrediterast av fakultetsstyret. Dei fakultetsvise studiekvalitetskomitéane har i oppgåve å vurdere at dei evaluerte programma er i samsvar med forskriftskrava og implisitt i dette arbeidet vurderer dei kvaliteten på læringsutbyttebeskrivingane. Dei fakultetsvise studiekvalitetskomitéane anbefaler fakultetsstyra å vedta- eller å ikkje vedta reakkreditering. I tilbakemeldingane til fagmiljøa, er det ikkje uvanleg å oppmoda om å betra læringsutbyttebeskrivingane, særleg å tydeleggjera nivå og progresjon, samt å differensiera mellom krav til bachelor- og masterprogram. I dette arbeidet er NKR ein nyttig referanse.

I kva grad NKR legg føringar for utdanningskvaliteten på emnenivå vil variera. UiBs mal for emnebeskrivingar viser til NKR, men truleg får mange emneansvarlege for lite fagleg-pedagogisk kontekst til å forstå bakgrunnen og formålet med læringsutbyttebeskrivingane. For å støtta fagmiljøet i arbeidet med å utarbeida gode læringsutbyttebeskrivingar er det viktig å tydeleggjera at læringsutbyttebeskrivingane kan vera eit godt verktøy for å planleggja undervisings- og læringsaktivitetar og for å skapa samanheng mellom emna i eitt og same program. Ein større emnekartlegging ved UiB viste t.d. at mange emne inneheld fleire læringsaktivitetar enn læringsutbyttebeskrivingane tilsa.

Eit eksempel på at læringsutbyttebeskrivingane ikkje alltid blir brukt etter intensjonen, og dermed i avgrensa grad opplevd som nyttig, er at læringsutbyttebeskrivingane på studieprogramnivå blei mindre synlege på UiB sine nettsider etter at det blei etablert egne nettsider for potensielle studentar. På desse sidene er berre delar av læringsutbyttebeskrivingane til programma synlege. Kanskje seier dette noko allment om synet på kva dei overordna program- læringsutbyttebeskrivingane kommuniserer til framtidige studentar, ved at dei er ikkje er formulerte tydeleg nok.

Vi har ikkje grunnlag for å slå fast korleis NKR i seg sjølv har påverka utdanningskvaliteten ved UiB, men vurderer det slik at den universitetspedagogiske tenkinga som ligg til grunn for rammeverket har aukande oppslutning i fagmiljøa, med vekt på studentane si læring i heilskaplege studieprogram. Slik sett kan vi seia at NKR inngår i både det formelle og det uformelle kvalitetsarbeidet ved UiB.

Det er likevel ei utfordring at NKR som styringsdokument er forankra i ein av fleire moglege taksonomiar, eller klassifiseringssystem, for læring. Ei legitim innvending mot NKR er at det spring ut av eit kunnskaps- og vitenskapparadigme prega av teknisk rasjonalitet, i den forstand at meistring og kontroll av den objektive røynda er hovudføremålet. Slik teknisk rasjonalitet er kjenneteikna av mål- middel-tenking om å nå bestemte mål gjennom effektive og teknisk-rasjonelle handlingar, utan at måla i særleg grad vert gjenstand for diskusjon, vurdering og forhandling. Om vi legg til grunn eit meir relasjonelt, eller konstruktivistisk, kunnskapssyn, føreset vi at det har utvikla seg slik:

Frå ei fokusering av

- Individ som berarar av kunnskap
- Kunnskap som tilstand
- Stabil kunnskap

Til ei fokusering av

- Kollektive, sosiale system og institusjonar som berarar av kunnskap
- Kunnskap som del av handling og problemhandtering
- Kunnskapen si forandring, utvikling og ustabilitet

I nokre fagmiljø, inkludert dei som er leiande i fornying av undervising, læring og vurdering, kan NKR derfor bli oppfatta som strengare avgrensa enn naudsynt, ein styringsreiskap som reduserer deira didaktiske handlingsrom.

3. Mobilitet: Opptak, internasjonalisering og sektormobilitet

I denne delen ønskjer vi at de kjem inn på ulike former for mobilitet (til dømes internasjonal studentmobilitet, studentmobilitet mellom utdanningar og i utdanningssystemet for øvrig), og måten NKR fungerer inn mot, legg til rette for eller hindrar mobilitet. Vi er særleg ute etter informasjon om i *kva grad* og dømes på *korleis* **Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar** blir brukt ved institusjonen dykkar, på tvers av fagmiljø og utdanningar. Dette kan til dømes vere sentrale retningslinjer og krav, strategiar, arbeidsdeling, prosedyrar, eller liknande. Kom også inn på kva roller som er relevante, og kva mandat og funksjon dei har i dette arbeidet.

- a. Kva rolle har NKR, EQF og læringsutbyteskildringar i prosessar ved institusjonen dykkar som gjeld **opptak, fritak og godskriving**? Kom særleg inn på det som gjeld vurdering av realkompetanse.
- b. Korleis vurderer de samanhengen mellom **nivåa i NKR** med tanke på studentanes **startkompetanse**, og studentanes **sluttkompetanse**, og med omsyn til vidare utdanning eller behov arbeidslivet etterspør?
- c. Korleis har NKR, EQF og læringsutbyteskildringar bidratt til arbeidet dykkar med **internasjonal** og **nasjonal studentmobilitet**? Kva skilnader ser de mellom ulike type utdanningar (t.d. disiplinlag, rammeplanstyrte fag, og liknande)?

NKR og EQF (European Qualifications Framework) er viktig i vurderinga av ekstern utdanning ved opptak til masterstudium og til praktisk-pedagogisk utdanning. EQF blir t.d. brukt for å vurdere om ein søkjar har likeverdig utdanning med ein akkreditert norsk bachelorgrad. Vidare nyttar ein EQFs spesifikke informasjon om utdanningssystemet i ulike land til å vurdere og stipulera karakternivået til søkjaren. Denne informasjonen blir både brukt for å vurdere om søkjaren er formelt kvalifisert (karaktersnitt) og til rangering ved konkurranse om studieplassar. Ved masteropptak blir læringsutbyttebeskrivingar på programnivå brukt for å vurdere grader oppnådd ved andre institusjonar.

NKR eller EQF blir i liten grad brukt for å vurdere realkompetanse, då det ved UiB berre er mogeleg å bli realkompetansevurdert gjennom Samordna opptak. UiB har ikkje overordna retningslinjer for innpassing av ekstern utdanning då dette ansvaret i følgje UiBs forskrift er delegert til det enkelte fakultet. Innpassingssakene blir behandla etter etablerte praksisar og rutinar ved dei ulike fakulteta, men desse er ikkje eksplisitt relatert til NKR og EQF. Ved fritak og innpassing av emne blir læringsutbyttebeskrivingane i større grad brukt enn ved opptak, men det kan vera vanskeleg å vurdere nivået basert på læringsutbyttebeskrivingane åleine då dei i varierende grad gir nok informasjon om kva studentane faktisk kan.

NKR, EQF og læringsutbyttebeskrivingar har letta arbeidet med godskriving av norsk og internasjonal utdanning. Når det gjeld studentane sin start- og sluttkompetanse, er tilbakemeldingar frå arbeidsgivarar at kandidatane har eit passende nivå, slik det mellom anna kjem fram i UiB-rapporten Kompetanse 2020. Vi kjenner ikkje til undersøkingar som viser om arbeidsgivarar nyttar læringsutbyttebeskrivingar ved tilsetjingar.

4. Arbeidsliv: Arbeidslivsrelevans og arbeidslivsforankring

I denne delen skal de gjere greie for forholdet mellom NKR, nivåa og nivåskildringane, på den eine sida, og arbeidslivsrelevans, arbeidslivsforankring og kompetansen samfunnet har behov for på den andre. Vi er særleg ute etter informasjon om i *kva grad* og døme på *korleis Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar* blir brukt ved institusjonen dykkar, på tvers av fagmiljø og utdanningar. Dette kan til dømes vere sentrale retningslinjer og krav, strategiar, arbeidsdeling, eller liknande. Kom også inn på kva roller som er relevante, og kva mandat og funksjon dei har i dette arbeidet.

- a. Korleis har NKR, EQF og læringsutbyteskildringar bidratt til arbeidet dykkar med **arbeidslivsrelevans** i utdanningane, **arbeidslivsforankring**, og **mobilitet** mellom utdanningssektoren og arbeidslivet (t.d. ved å kommunisere relevansen av utdanninga til studentar og potensielle studentar eller ved å knytte læringsutbyteskildringar til standardar i arbeidslivet)?
- b. Kva rolle har NKR og læringsutbyteskildringar i **dialogen** institusjonen dykkar har med **samfunns- og arbeidslivet**, og korleis bidrar **representantar frå arbeidslivet** til å utvikle og vidareutvikle læringsutbyteskildringar for studietilbod ved institusjonen dykkar?

NKR og EQF er ikkje sentralt i UiBs arbeid med arbeidslivsrelevans, arbeidslivsforankring og mobilitet mellom utdanningssektoren og arbeidslivet. Det er generelt sett lite felles refleksjon om at læringsutbyttebeskrivingar også skal gi informasjon til framtidige arbeidsgivarar, mellom anna ved at læringsutbytte på programnivå står skriven på vitnemålet. Informasjon om graden blir kanskje vel så ofte søkt opp gjennom andre kanalar som UiBs nettsider, alumninettverk og liknande.

Det er fleire prosessar i gang ved UiB for å knytte utdanningane ved institusjonen tettare til samfunns- og arbeidslivet, men det er per i dag ikkje ein innarbeidd praksis at representantar frå arbeidslivet deltek i utviklinga av læringsutbyttebeskrivingar for studieprogramma ved institusjonen.

5. Generelt om NKR

Avslutningsvis har vi nokre spørsmål som gjeld NKR på eit overordna nivå, og som ikkje gjeld dykkar institusjon spesifikt. Her vil vi at de skal vurdere korleis NKR har fungert inn i det norske utdannings- og kompetansesystemet.

Korleis vurderer de at NKR og vendinga mot læringsutbyteskildringar har **påverka utdanningssektoren**? Vi vil at de kommenterer desse områda:

- i. Utdanningskvalitet og utdanningsfagleg arbeid
 - ii. Fleksibilitet og mobilitet i utdanningssektoren, og internasjonal mobilitet
 - iii. Arbeidslivsrelevans, forankring i yrkesfeltet og involvering av arbeidslivet i utdanning
 - iv. Livslang læring, og etter- og vidareutdanning
 - v. Realkompetansevurdering og annan uformell kompetanse
- b. Korleis erfarer de at nivåa i NKR og nivåa på nivåskildringane bidrar til god **progresjon** eller gode **utdanningsløp** i utdanningssystemet nasjonalt?
- c. Kva **hindringar** ligg i NKR, nivåskildringane, nivåinnplassering eller tilstøytande regelverk for utvikling innanfor dei områda de har sett på over? Korleis bør NKR endrast for å byggje ned desse hindringane?

Djuptgripande endringar i store, autonome organisasjonar som eit universitet tar lang tid. Særleg gjeld dette endringar på undervisingsida. Fleire har peika på den gjennomgåande norske skepsisen knytt til måling og vurdering av studentanes prestasjonar som blei uttalt i samband med innføringa av NKR. Denne skepsisen omfatta også den auka byråkratiseringa og innslaget av styring som følgje av at New Public Management-ideane slo inn i sektoren med full tyngde (sjå t.d. Prøitz 2015 og Kvilhaugsvik 2021). Dei gjennomgripande reformene og tilpassingane til det europeiske utdanningssystemet i kjølvatnet av Bolognaprosessen kan dessutan ha bidrege til ei reformtrøyttheit som kulminerte med innføringa av NKR. Resultatet av desse prosessane på grunnplanet kan ha vore ei medverkande årsak til at studieadministrasjonen fekk ei større oppgåve enn tiltenkt inn i arbeidet med å få på plass læringsutbyttebeskrivingar i alle program og emne og dermed forsterka synet av NKR som ei byråkratisk skrivebordsøving.

Innføringa av NKR må sjåast på som del av ei større, internasjonal rørsle innan utdanningsfeltet, der fokuset på studentars læring erstatta tradisjonen med å fokusera på undervisings innhald. Trass i at sektoren har arbeidd med læringsutbyttebeskrivingar i over ti år, har det ikkje ført til gjennomgripande endringar. I takt med at undervisingskulturen ved høgare utdanning er i endring, ser vi likevel at fleire og fleire lærarar og fagmiljø tar utgangspunkt i studentens læring.

Revisjonen av studietilsynsforskrifta i 2017 har medført ei større vektlegging av utviklingsdelen av studiekvalitetsarbeidet i store delar av sektoren. I samband med denne utviklinga er det ein aukande refleksjon rundt bruken av NKR som pedagogisk verktøy for å sikra samanheng mellom emna og heilskap i studieprogrammet og ikkje berre som tilsynsinstrument og målorientering. Samstundes har mange fagmiljø erfart at handlingsrommet i møtet med NKR er større enn dei første erfaringane tilsa. Like fullt representerer bruken av NKR og læringsutbyttebeskrivingar eit sett med utfordringar og dilemma for fagmiljøa:

- Overordna er det ei fagleg utfordring å utarbeida gode læringsutbyttebeskrivingar for studieprogram som inneheld inntil 60 frie studiepoeng.

- Endring av læringsutbyttebeskrivingar må vera klar i god tid før den aktuelle undervisinga startar, noko som innsnevrar fleksibiliteten og autonomien til lærarane. Resultatet av dette er at mange fagmiljø vel å utarbeida svært generelle og rundt formulerte læringsutbyttebeskrivingar nettopp for å ivareta fleksibiliteten og kreativiteten som kan oppstå undervegs i undervisinga.
- Utdanningsfeltet er komplekst, med svært mange ulike styringsinstrument. Dette skapar ulike målkonfliktar:
 - o Forholdet mellom NKR og rammeplanar
 - o Ønsket om fleksibel, livslang læring vs. heilskaplege og samanhengande studieprogram med god progresjon
 - o Auka krav om arbeidslivsrelevans, internasjonalisering osv. i studieprogramma vs. NKR
 - o Forventinga om meiningsfylt samsvar (constructive alignment) vs. ny UH-lov som vanskeleggjer dette, særleg med tanke på studentanes klagerett og innføringa av to sensorar på alle eksamenar som nyttar bokstavkarakterar.

Den største kritikken mot bruk av læringsutbyttebeskrivingar handlar om i kva grad det er ønskeleg og mogeleg å bryta ned og skildra kunnskap og ferdigheiter i målbare termar (sjå t.d. Erikson & Erikson 2018). Kva mistar vi når vi reduserer alt ein student skal tileigna seg til målbare storleikar? Korleis måler vi t.d. akademisk danning og kritisk tenking, to akademiske dygder som inngår i den karakterdannande og livslange prosessen det er å ta høgare utdanning?

I tillegg er det eit stort dilemma knytt til bruken av læringsutbyttebeskrivingar gjennom fastsetjinga av studentanes forventa sluttkompetanse i form av eit sett deskriptorar sortert i tre kategoriar. Ofte er det vanskeleg å skilja dei tre kategoriane frå kvarandre fordi dei overlappar kvarandre. Læringsutbyttebeskrivingane skildrar (minimums)kravet til kva ein kan forventa at studentane er i stand til å kunna og gjera for å få bestått i eit emne, noko som i ytste konsekvens fungera som eit forventa tak for kva studentane legg inn av innsats og ambisjonar i studiet.

Universitetet i Bergen
post@uib.no

Saksbehandlar: Jon Furholt

v/ Christen Lorentz Soleim

Vår ref: 20/07064

Vår dato: 5. oktober 2021

Dykkar ref:

Dykkar dato:

Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk: Sjølvevaluering

NOKUT fekk i januar 2020 i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av *Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring* (NKR). Arbeidet er planlagt å vare ut 2021.

NOKUTs evaluering av NKR legg til grunn fleire kjelder for evalueringsarbeidet. Sjølvevalueringa går ut til eit utval utdanningsinstitusjonar innan høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og er ei av dei viktigaste kjeldene våre til kunnskap om korleis NKR blir brukt og verkar inn mot ulike områder innan utdanningssektoren.

Sjølvevalueringa er todelt. Dette er fyrste del av sjølvevalueringa og rettar seg inn mot lærestadane og heile institusjonen. Den andre delen rettar seg mot fagmiljøet og dei vitskaplege tilsette. Denne vil bli sendt ut seinare. Det overordna målet med denne delen er å få kunnskap om korleis NKR og kravet om læringsutbyteskilddingar for utdanning verkar inn på institusjonane arbeid med utdanning og utdanningskvalitet, mobilitet og livslang læring.

NOKUT er ute etter å skildre dagens situasjon, med vekt på kva system institusjonane har der NKR gjer seg gjeldande, kva problemstillingar som dukkar opp og korleis institusjonane handterer desse. NOKUT vil også bruke resultatane frå datainnsamlinga for å sjå på korleis dagens situasjon står i forhold til dei føremåla med NKR, og moglegheitene for ei vidareutvikling av rammeverket.

Sjølvevalueringa inneheld både spørsmål som både gjeld dykkar eigen institusjon, og om korleis de vurderer konsekvensane NKR har for utdanningssektoren generelt.

Institusjonsdelen av sjølvevalueringa inneheld fleire spørsmål som gjeld ulike område for institusjonens verksemd. Likevel skal svarene vere uttrykk for institusjonens syn og vurderingar. Det betyr at sjølv om ulike personar og miljø bidrar til å svare på spørsmåla, skal den samla sjølvevalueringa vere **forankra på institusjonens høgaste nivå**, det vil seie rektor, eller instansen under rektor med eit særskild ansvar for utdanning. Forankringa er naudsynt både for å sikre at sjølvevalueringa er eit reelt uttrykk for institusjonens syn og for at svarene NOKUT får inn er samanliknbare. Vi ber dykk om å halde svaret på under 10 A4-sider. Vidare ber vi dykk sende svaret på institusjonsdelen innan **3. desember 2021**.

I løpet av denne delen av sjølvevalueringa blir de bede om å peike ut og gje oss kontaktinformasjon til ein eller fleire personar som er mottakarar av andre delen av sjølvevalueringa, retta mot fagmiljøa. Vi ber dykk om å sende kontaktinformasjon til aktuelle fagmiljø innan **1. november 2021**.

Med helsing

Jon Furholt
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sjølvevaluering for utdanningsinstitusjonar

Sjølvevaluering for utdanningsinstitusjonar

Del 1: Institusjonen

1. Institusjonell autonomi og styring

Utdanningsinstitusjonane er underlagt ulike krav og forventningar i lov- og regelverk, rammer, strategiar og andre former for styring. I denne delen ønskjer vi at de svarer på spørsmål om korleis de forstår krava i regelverket som gjeld NKR, korleis NKR og nivåskildringane fungerer som styring og regulering av utdanning og utdanningsverksemd, og forholdet NKR har til institusjonens autonomi.

- a. I universitets- og høgskulelova, og studietilsynsforskrifta, er det krav om at alle akkrediterte utdanningar skal vere i samsvar med NKR. I kva grad er det **mogleg, føremålstenleg og praktisk** å etterleve dette kravet? Korleis løyser de eventuelle konflikhtar mellom krav og andre faglege omsyn?
- b. Korleis vurderer de at Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og krava til læringsutbyteskildringar påverkar institusjonens **handlingsrom til utvikling og vidareutvikling** av studietilbod?
- c. Korleis opplever de forholdet mellom NKR som verktøy for regulering av utdanning og **andre styringsmekanismar** (t.d. krav om internasjonalisering, rammeplanar, retningslinjer, bransjekrav, eller liknande)?

2. Utdanning og utdanningskvalitet: Utvikling, drift og kvalitetssikring

I denne delen ønskjer vi at de skal kome inn på det som gjeld utdanningskvalitet og regulering av utdanningane. Vi er særleg ute etter informasjon om i *kva grad* og *døme* på **korleis Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar** blir brukt ved institusjonen dykkar, på tvers av fagmiljø og utdanningar. Dette kan til dømes vere sentrale retningslinjer og krav, strategiar, arbeidsdeling, lokale akkrediteringsprosedyrar, eller liknande. Kom også inn på kva roller som er relevante, og kva mandat og funksjon dei har i dette arbeidet.

- a. Korleis arbeider de med **utvikling, akkreditering og revidering** av studietilbod og emne sett i lys av NKR og læringsutbyteskildringar?
- b. Korleis inngår NKR, nivåskildringane og arbeidet med læringsutbyteskildringar i det **systematiske kvalitetsarbeidet** ved institusjonen dykkar?
- c. Kva føringar erfarer de at NKR gjev for korleis institusjonen jobbar **fagleg, strukturelt, pedagogisk og didaktisk** med utdanningskvalitet i studietilbod og emne?
- d. Korleis har NKR og krava til læringsutbyteskildringar for utdanningar påverka **utdanningskvaliteten**.

3. Mobilitet: Opptak, internasjonalisering og sektormobilitet

I denne delen ønsker vi at de kjem inn på ulike former for mobilitet (til dømes internasjonal studentmobilitet, studentmobilitet mellom utdanningar og i utdanningssystemet for øvrig), og måten NKR fungerer inn mot, legg til rette for eller hindrar mobilitet. Vi er særleg ute etter informasjon om i *kva grad* og dømes på *korleis* **Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar** blir brukt ved institusjonen dykkar, på tvers av fagmiljø og utdanningar. Dette kan til dømes vere sentrale retningslinjer og krav, strategiar, arbeidsdeling, prosedyrar, eller liknande. Kom også inn på kva roller som er relevante, og kva mandat og funksjon dei har i dette arbeidet.

- a. Kva rolle har NKR, EQF og læringsutbyteskildringar i prosessar ved institusjonen dykkar som gjeld **opptak, fritak og godskriving**? Kom særleg inn på det som gjeld vurdering av realkompetanse.
- b. Korleis vurderer de samanhengen mellom **nivåa i NKR** med tanke på studentanes **startkompetanse**, og studentanes **sluttkompetanse**, og med omsyn til vidare utdanning eller behov arbeidslivet etterspør?
- c. Korleis har NKR, EQF og læringsutbyteskildringar bidratt til arbeidet dykkar med **internasjonal** og **nasjonal studentmobilitet**? Kva skilnader ser de mellom ulike type utdanningar (t.d. disiplinlag, rammeplanstyrte fag, og liknande)?

4. Arbeidsliv: Arbeidslivsrelevans og arbeidslivsforankring

I denne delen skal de gjere greie for forholdet mellom NKR, nivåa og nivåskildringane, på den eine sida, og arbeidslivsrelevans, arbeidslivsforankring og kompetansen samfunnet har behov for på den andre. Vi er særleg ute etter informasjon om i *kva grad* og døme på *korleis* **Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar** blir brukt ved institusjonen dykkar, på tvers av fagmiljø og utdanningar. Dette kan til dømes vere sentrale retningslinjer og krav, strategiar, arbeidsdeling, eller liknande. Kom også inn på kva roller som er relevante, og kva mandat og funksjon dei har i dette arbeidet.

- a. Korleis har NKR, EQF og læringsutbyteskildringar bidratt til arbeidet dykkar med **arbeidslivsrelevans** i utdanningane, **arbeidslivsforankring**, og **mobilitet** mellom utdanningssektoren og arbeidslivet (t.d. ved å kommunisere relevansen av utdanninga til studentar og potensielle studentar eller ved å knytte læringsutbyteskildringar til standardar i arbeidslivet)?
- b. Kva rolle har NKR og læringsutbyteskildringar i **dialogen** institusjonen dykkar har med **samfunns- og arbeidslivet**, og korleis bidrar **representantar frå arbeidslivet** til å utvikle og vidareutvikle læringsutbyteskildringar for studietilbod ved institusjonen dykkar?

5. Generelt om NKR

Avslutningsvis har vi nokre spørsmål som gjeld NKR på eit overordna nivå, og som ikkje gjeld dykkar institusjon spesifikt. Her vil vi at de skal vurdere korleis NKR har fungert inn i det norske utdannings- og kompetansesystemet.

- a. Korleis vurderer de at NKR og vendinga mot læringsutbyteskildringar har **påverka utdanningssektoren**? Vi vil at de kommenterer desse områda:
 - i. Utdanningskvalitet og utdanningsfagleg arbeid
 - ii. Fleksibilitet og mobilitet i utdanningssektoren, og internasjonal mobilitet
 - iii. Arbeidslivsrelevans, forankring i yrkesfeltet og involvering av arbeidslivet i utdanning
 - iv. Livslang læring, og etter- og vidareutdanning
 - v. Realkompetansevurdering og annan uformell kompetanse
- b. Korleis erfarer de at nivåa i NKR og nivåa på nivåskildringane bidrar til god **progresjon** eller gode **utdanningsløp** i utdanningssystemet nasjonalt?
- c. Kva **hindringar** ligg i NKR, nivåskildringane, nivåinnplassering eller tilstøytande regelverk for utvikling innanfor dei områda de har sett på over? Korleis bør NKR endrast for å byggje ned desse hindringane?

6. Andre kommentarar

Her opnar vi for at de sjølv kan trekkje fram perspektiv eller moment som de meiner er viktige, men som spørsmåla over ikkje dekkjer. Det bør likevel ikkje overstige ein halv A4-side.

7. Tilleggsinformasjon

Vi ønskjer at de peikar ut fagmiljø (t.d. faggruppe, program, institutt, eller liknande) som kan motta fagmiljødelen av sjølvevalueringa. Vi ønskjer representasjon frå fagmiljø innan kvar av følgjande fagområde:

- Helse
- Lærer (GLU eller lektor)
- Samfunnsfag/humaniora
- Teknologi
- Økonomi/administrasjon

Det bør vere fagmiljø som kan kome med relevante eller interessante perspektiv på NKR og/eller arbeid med læringsutbyteskildringar. Fagmiljødelen av sjølvevalueringa bør vere forankra i miljøet, men skal svarast ut av til dømes studieprogramleing med ansvar for utvikling av studieprogram.

Vi ber om informasjon om kva eining/studieprogram det er snakk om, og kontaktinformasjon til den som kan svare ut sjølvevalueringa på dette nivået.